

---

Saknr: 2020/45563-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at det sidan sist rapportering er starta opp fleire positive forbetningsprosessar i den nye fylkeskommunen når det gjeld kulturminneforvaltning.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 2, 3b, 5, 6 og 7 til møtet i utvalet i oktober 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 28.09.2020.
3. Av tilbakemeldinga må det gå fram dato på kvart punkt for når tiltaka skal setjast i verk slik det går fram av punkt 10 i vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 30.06.2019.

### Samandrag

Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved eit tidlegare høve, på bakgrunn av av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 13.06.2019. I denne saka vert difor kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den andre oppfølginga av forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Statusrapport - oppfølging forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 27/19 i møte 13.06.2019:

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

- 1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak*
- 2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga*
- 3. Gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga*
- 4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator*
- 5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningsliner, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for*
- 6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha*
- 7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea*
- 8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker*
- 9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar*
- 10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*

**Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved eit tidlegare høve der det i møte i kontrollutvalet 25.11.2019 vart gjort slikt vedtak:**

- 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune fortsette å arbeide vidare med forbetringpunkta etter forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning, som ein del av førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*
- 2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbagemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringpunkta i forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltninga er ivareteke i den nye fylkeskommunen.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e som lyd slik:

*«vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlinga av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»*

### Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 30.03.2020 frå fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, som inneheld oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen. Av notatet har sekretariatet merka seg som positivt at det sidan sist rapportering er starta opp fleire positive forbetringssprossar i den nye fylkeskommunen når det gjeld kulturminneforvaltning. Det går vidare fram av notatet at nokre av forbetringpunkta er ferdig gjennomført men at det framleis er mykje arbeid som gjenstår. Dette gjeld i første rekke for punkta 1, 2, 3b, 5, 6 og 7. Sekretariatet registrerer elles at det i liten grad er sett dato på kvart punkt for når tiltaka skal setjast i verk, slik det går fram av punkt 10 i vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 30.06.2019.

## Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet merkar seg som positivt at det sidan sist rapportering er starta opp fleire positive forbetningsprosessar i den nye fylkeskommunen når det gjeld kulturminneforvaltning.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga for punkta 1, 2, 3b, 5, 6 og 7 til møtet i utvalet i oktober 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 28.09.2020. Av tilbakemeldinga må det gå fram dato på kvart punkt, for når tiltaka skal setjast i verk, slik det går fram av punkt 10 i vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 30.06.2019.